

## Rutine for å utvikle ny fagskuleutdanning innan akkreditert fagområde

### Rutine

#### Rutine for å utvikle ny fagskuleutdanning innan akkreditert fagområde

##### Ramme

Denne rutinen skal nyttast ved utvikling av ny fagskuleutdanning innanfor akkreditert fagområde.

Alle utdanningar ved Fagskulen Vestland skal vere forankra i skulen sin strategiplan og arbeidslivet sitt behov. Vidare skal utdanningane vere yrkesretta og bygge på fullført vidaregåande utdanning eller tilsvarende realkompetanse. Læringsutbyttebeskrivingane i studieplanane skal følgje nivå 5.1 og 5.2 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Utdanningane skal kunne verte tilbydd på heiltid, deltid, nettbasert studie med eller utan samlingar.

Utdanningsleiar innan aktuelt fagområde er ansvarleg for prosjektgruppa og at rutinen vert følgt.

##### Arbeidsmetode

Utvikling av ny utdanning skal gjennomførast i ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa skal sørgje for dokumentasjon, arkivering og riktig sakshandsaming i tråd med denne rutinen, gjeldande lover og forskrifter.


##### Krav til dokumentasjon

For at styret skal kunne fatte vedtak må følgjande verte dokumentert og belyst:

- Arbeidslivet sitt behov og arbeidsmarknaden
- Finansiering av, og kostnader knytt til utdanninga
- Tilgang på kvalifiserte lærarar
- Rekrutteringsgrunnlaget

## Utviklingsprosess

Utvikling av ny utdanning vert gjort etter følgjande prosess:



### Fase 1. Innmeldt behov

Følgjande interessentar kan ta initiativ til å utvikle ei ny utdanning:

- Arbeids- og næringsliv
- Styret for fagskulen
- Skuleeigar
- Offentlege myndigheiter
- Fagråd
- Fagmiljøet ved fagskulen
- Leiinga ved skulen

### Prosjektgruppa skal bestå av:

- Utdanningsleiar for fagområdet
- Faglærer/ar
- Representantar frå yrkesfeltet
- Student/ar

### Arbeidet i prosjektgruppa i fase 1

Prosjektgruppa skal utarbeide ein kortfatta rapport som skal belyse tema og vurderingar som omtalt under. Vidare skal prosjektgruppa konkludere og gje ei tilråding om utvikling og etablering av utdanning som rektoratet skal ta stilling til.

### Om kompetansen og utdanninga

- Kva kompetanse er det utdanninga skal gje?
- Kva omfang (studiepoeng) vil utdanninga ha?
  - Ved utdanningar på mellom 120 og 180 studiepoeng må det sendast særskilt søknad til departementet jf. fagskulelova. Prosjektgruppa må dokumentere at det er spesielle sertifiseringskrav ol. som gjer at det er naudsynt med ei utdanning med eit større omfang enn 120 studiepoeng.
- Korleis passar utdanninga med fagskulen sin strategiplan?

**Behovet i marknaden og berekraft**

- Arbeidslivet sitt behov og etterspurnad vert kartlagt gjennom dialog og samarbeid med relevante verksemder og bransjeorganisasjonar innanfor fagområdet.
- Behovet skal verte vurdert både i høve til kort og lang sikt.
- Prosjektgruppa skal også vurdere uvisse for behovet på lang sikt.

**Arbeidsplassar etter utdanning**

- Gir utdanninga kompetanse som kan tas i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak?
- Er det yrkestitlar eller liknande som er beskytta i høve til ny studieplan?
- Er det knytt sertifikatkrav til utdanninga?
- Er samfunnsutviklinga slik at det er forventa at det er eit behov for utdanninga i framtida?
- Kor stor del av studentane ser ein føre seg vil vere i relevant arbeid innan tre månader etter fullført utdanning?

**Finansiering**

- Kva er forventa kostnad for gjennomføring av eitt utdanningsløp ved dette studiet?
- Korleis kan utdanninga finansierast? Til dømes offentleg tilskot, studentbetaling utan offentleg tilskot eller anna.
- Vil utdanninga gje:
  - Inntekter?
  - Kostnadar knytt til investeringar?

**Samarbeid med arbeidslivet**

- Beskriv samarbeidet fagmiljøet har med aktørar i yrkesfeltet og eventuelt deltaking i faglege nettverk som sikrar at utdanninga er relevant for yrkesfeltet.

**Naudsynt kompetanse innan fagfeltet**

- Prosjektgruppa må vurdere om fagskulen har, eller kan skaffe, naudsynt kompetanse til å dekke behovet som utdanninga vil ha, både på kort og lang sikt. Prosjektgruppa må fylle ut skjema «Mal oversikt over fagmiljø» og «Mal kravspesifikasjon fagmiljø».

**Fase 2. Avgjerd i rektoratet om utvikling**

Basert på prosjektgruppa si rapport avgjer rektoratet om det skal verte utvikla ei ny utdanning. Vidare vil rektoratet, på bakgrunn av rapporten, ta stilling til om utdanninga er i tråd med skulen sin strategi, samt vurdere behov og ressursar.

**Fase 3. Utarbeide studieplan**

Om rektoratet gjev sin tilslutnad til å utvikle ny utdanning skal prosjektgruppa arbeide vidare med utdanninga.

Prosjektgruppa kan ved behov få opplæring og støtte frå administrasjonen i høve til studieplans- og akkrediteringsarbeid.

Prosjektgruppa skal samarbeide med relevant arbeidsliv, samt ein studentrepresentant i arbeidet med studieplan.

**Mandat for Prosjektgruppa**

Prosjektgruppa skal utarbeide studieplanen etter krava i fagskulelova med forskrifter, NOKUT sine rettleiingar og Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Dersom utdanninga regulerast av nasjonale eller internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar skal krava til desse vere tilfredsstillt.

Studieplanen skal innehalde:

- Namn på utdanninga
- Opptakskrav
- Omfang (studiepoeng) og forventa arbeidsmengde for utdanninga i sin heilheit og for kvart emne
- Oppbygging og organisering av utdanninga
- Læringsutbyttebeskrivingar og fagleg innhald for utdanninga i sin heilheit
- Læringsutbyttebeskrivingar og fagleg innhald for kvart emne, inkludert eventuell praksis
- Omtale av den indre samanhengen i utdanninga
- Undervisningsformer og læringsaktivitetar
- Arbeidskrav og vurderingsordningar
- Dersom det skal være praksis i utdanninga skal det leggjast ved signerte avtalar om avvikling av praksis jf. fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 fjerde ledd
- Litteraturliste/læremidlar

Fagskulen sin mal for studieplanar skal nyttast.

#### Fase 4. Sakkunnig vurdering

Det er akkrediteringskoordinator som har ansvar for å sette ned sakkunnig komité og leggje til rette for at komiteen skal kunne gjere den avsluttande formelle, pedagogiske og faglege vurderinga av studieplanen, samt sette eventuelle premisser for oppretting av studiet. Involverte partar skal ha høve til å kome med forslag til sakkunnige og gje uttale til samansetninga av komiteen. Før studieplan vert sendt til sakkunnig vurdering skal fagskulen sin akkrediteringskoordinator kontrollere at studieplanen er i tråd med lover og forskrifter og eventuelt anna regelverk.

Dersom utdanninga skal gjennomførast på ein annan studiestad enn ved skulen sine etablerte studiestader, skal akkrediteringskoordinator sikre at studiestaden oppfyller krava til infrastruktur jf. fagskulen sine krav.

Sakkunnig komité skal ha kompetanse i tråd med fagskuletilsynsforskrifta § 5-3 og vere sett saman som følgjer:

- Minimum to fagleg sakkunnige som samla skal ha:
  - kunnskap og erfaring innanfor yrkesfeltet
  - pedagogisk og fagleg kompetanse
- Minimum ein av dei fagleg sakkunnige skal vere ekstern.

Sakkunnige vert oppnemnt frå sak til sak. Dei sakkunnige skal signere NOKUT sin habilitetserklæring. Sakkunnige skal ikkje ha vore del av prosjektgruppa.

#### Mandat for sakkunnig komité

Den sakkunnige komité skal vurdere om:

- læringsutbyttet er relevant for yrkesfeltet og utforma i tråd med NKR nivå 5.1 og/eller 5.2
- kvalifikasjonane læringsutbyttet gir er tilstrekkeleg for å utøve yrket
- fagskulen samarbeider med aktørar i yrkesfeltet og deltar i faglege nettverk som sikrar at utdanninga er relevant for yrkesfeltet over tid
- utdanninga har eit dekkande namn
- omfang, faginnhaldet og strukturen er egna til at studentane kan nå læringsutbyttet
- undervisnings-, lærings- og vurderingsformer er egna til at studentane kan nå læringsutbyttet
- opptakskrava er dei rette for utdanninga
- det er krav til eventuelle internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar og at desse i så fall er ivareteke
- krav til praksisavtalar er ivareteke, og at praksisrettleiarar har naudsynt kompetanse dersom utdanninga har praksis



- studentane sine arbeidstilhøve, informasjon og velferd er ivareteke
- fagskulen har lærarkompetansen og tilgang til fagressursar som er naudsynt for å drifte utdanninga, samt sensorar som har kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet er nådd

Den sakkunnige komiteen skal samanfatta ein rapport der arbeidet vert dokumentert.

Om den sakkunnige komiteen ikkje godkjenner studieplanen vert den sendt tilbake til prosjektgruppa saman med ein rapport med manglar og feil. Prosjektgruppa må gjere naudsynte endringar for at den sakkunnige komiteen kan handsama saken vidare.

#### Fase 5. Innstilling om godkjenning og oppretting

Når sakkunnig komité har gjort ei vurdering om at studieplanen er godkjent førebur rektor ei innstilling til styret for fagskulen med vedtak om endeleg godkjenning og oppretting. Rapporten frå prosjektgruppa og frå sakkunnig komité skal følgje saka. Rektor si innstilling må innehalde plan for finansiering og oppretting av studiet.

#### Fase 6. Endeleg vedtak i styret om godkjenning

Styret for Fagskolen Vestland er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga og gjer endeleg vedtak om godkjenning etter innstilling frå rektor som omtalt i fase 5. Styret gjer endeleg vedtak om start av utdanninga i samband med årleg sak om tilbodsstruktur, om ikkje anna vert bestemt av styret.

Når styret har godkjent ei utdanning eller vesentleg endring av utdanning skal akkrediteringskoordinator melde dette til NOKUT jf. fagskuletilsynsforskrifta § 5-1. Akkrediteringskoordinator skal også melde ny utdanning til administrasjonen som sørgjer for at utdanninga vert meldt inn til Kunnskapsdepartementet, Lånekassen og SSB (NUS-kode). Administrasjonen skal også bestille utdannings- og emnekode.